

HAFSLO BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø



VERDIAR



PRIORITERTE MÅL



VERKEMIDDEL/METODE

- Ansvar, omsorg og respekt
- Inkluderande læringsmiljø
- Tryggleik, meistring og læring gjennom aktivitet og samarbeid
- Toleranse, trivsel, glede og likeverd
- Forventningar til god åtferd
- Utnytte nærmiljøet og bærekraftig utvikling

- gi moglegheit for alle,
- fellesskap med blick for den einskilde
- legge til rette for meistring
- opparbeide mot og glede
- gjere elevar trygge på seg sjølv og ha respekt for andre
- nysgjerrige, kreative, sjølvstendige og utforskande elevar
- samarbeid prega av medverknad og demokrati

Planlegging og vurdering:

- Me planlegg og legg til rette for eit forutsigbart læringsmiljø; årshjul, bolkplanar og vekeplanar. Me gir god informasjon til eleven og dei føresette. Pedagogane har alltid vurdering FOR læring som ein del av undervisningsopplegga. Elevane skal bli kjende med mål i dei ulike faga, få tilbakemeldingar undervegs og gode framovermeldingar.

Inkluderande læringsmiljø og variert undervisning:

- Me satsar på tverrfagleg læring, aldersblanda grupper, læringspartnarar. Me vil bygge sjølvstendigheit og sjølvtilitt. Skulen vil legge til rette for problemløysing, bruk av nærmiljøet og samarbeid med eksterne aktørar. Me skal vera gode på estetiske og praktiske arbeidsformer. Me har ein bevisst, planlagt og kreativ bruk av teknologi.

Medverknad:

- Me har årshjul for elevråd, klasseråd, FAU og SU. Me arrangerer foreldremøte med fokus på eit godt samarbeid mellom skule og heim. FAU og skulen har laga ein forventingsplakat til heim og skule. Skulen har "Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø". Kvar dag skal alle elevar bli sett og lytta til. Både store og små skal vera gode rollemodellar for kvarandre.

Friminutt:

- Det er viktig med frileik og gode pausar frå undervisninga. Som vaksen skal ein alltid jobbe for god relasjonsbygging. Når me har inspeksjon skal me vera synlege vaksne som er tett på elevane på alle område.

